

ETNE KOMMUNE

SAKSUTGREIING

Utval	Møtedato	Saknr	Saksh.
Kommunestyre	16.02.2010	011/10	EWH

Sakshandsamar: Eva Wiik Hustoft	Arkiv: N-	Arkivsaknr: 2010000215
---	------------------	----------------------------------

KOMMUNEPLANARBEID I ETNE KOMMUNE

Vedlegg i saka:

Planprogram for Etnesjøen

Utrykte saksdokument:

Uttale frå Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum, skriv dagsett 01 12 2009

Uttale frå Fylkesmannen i Hordaland, skriv dagsett 02 12 2009

Innkalling til møte i styringsgruppa for kommunedelplanarbeidet

Saksgang:

Kommunestyre

Utskrift til:

Hordaland fylkeskommune, regional utvikling, kultur og idrettsavdeling, postboks 7310, 5020 Bergen

Hordaland fylkeskommune, Samferdselavdeling, Postboks 7900, 5020 Bergen

Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernaving, postboks 7310, 5020 Bergen

Fylkesmannen i Hordaland, landbruksavdeling, postboks 7310, 5020 Bergen

Hordaland fylkeskommune, kommunesamarbeid, postboks7900, 5020 Bergen

Kvinnherad kommune, Rådhuset, 5470 Rosendal

Vindafjord kommune, Rådhuset, 5580 Ølen

Odda kommune, Oppheimsgt. 31, 5750 Odda

Utvikling for vidare arbeid med saka.

SAKSUTGREIING:

1. Kva saka gjeld:

Godkjenning av Planprogram for kommunedelplanarbeidet for Etnesjøen

2. Bakgrunn for saka:

Gjeldande regelverk krev at Kommunestyret – som øvste planstyresmakt i kommunen – godkjenner planprogrammet for kommunepanarbeidet for offentlig utlegging.

3. Problemstilling:

Planprogrammet inneheld grunnlaget for kommunedelplanarbeidet – med utgangspunkt i ulike rapportar, planar og regelverk - og dei utgreiingar som må framskaffast for å få fram eit grunnlag for vedtak om arealbruk i området for kommunedelplan for Etnesjøen.

4. Vurdering:

Planprogrammet er ei oppstilling over både bakgrunnsmateriell som eksisterer og nye utgreiingar som må framskaffast for å få naudsynt grunnlag for å vedta framtidig arealbruk i planområdet.

Føremålet med planarbeidet er å revidere gjeldande kommuneplan for området kring Etne sentrum m.a. for å få tilgjengeleg areal til utviding av sentrum.

Aktuelle grupper som vert trekt inn i planarbeidet er fastbuande og næringsdrivande i Etne sentrum og det næraste arealet omkring samt Enge skule, funksjonshemma og dei eldre som bur i tettstaden.

I K-sak 060/09 vart planprogrammet lagt ut til offentlig ettersyn med heimel § 4–1 i plan- og bygningslov. Det kom inn 2 uttalar frå offentlig organ, som er ført til at planprogrammet er justert i samsvar med innkomne uttalar.

Styringsgruppa har i møte 14 01 2010 godkjent planprogrammet slik det ligg føre og vidare send saka til godkjenning.

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Planprogram for Etnesjøen blir godkjent slik den ligg føre.

16.02.2010 KOMMUNESTYRE

K-011/10 VEDTAK: (samrøystes)

Planprogram for Etnesjøen blir godkjent slik den ligg føre.